



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato  
22.05.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2018/2659 730  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

## Tilskot i 2018 frå kapittel 765 post 60 - tilbod til menneske med langvarige og/eller samansette behov for tenester

I 2018 får Lindås kommune med dette eit tilskot på kr 1 950 000 over kapittel 765 post 60.

Tiltak	Status	Søknadssum	Tildeling/avslag
FACT-team, Helse Bergen HF, Bjørgvin DPS og 8 kommunar	Nytt (år 1)	1 950 000	1 950 000

Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. De kan difor ikkje klage på denne avgjerda eller vilkåra i dette brevet.

Den 16. mai 2018 fekk Fylkesmannen belastningsfullmakt pålydande kr 32 500 000 til fordeling. Samla søknadssum er kr 42 182 546. Tildelinga av tilskot er gjort i samsvar med tildelingskriteria og har vore lagt fram for Helsedirektoratet.

### Bruk av midlane i 2018

Tilskotet skal disponerast til årsverk og kan ikkje nyttast til andre utgifter eller investeringar.

Midlane skal nyttast til føremålet dei er gitt til i dette budsjett- og kalenderåret, jamfør søknaden, regelverket for dette tilskotet og krava i dette brevet.

### Utbetaling og krav til stadfesting

Tilskot blir først utbetalt når:

- vi har fått og godkjent rapport for fjorårets tilskot (rapport om måloppnåing og økonomirapport)
- vi har fått tilbake den vedlagde stadfestinga i utfylt og underskriven stand, sjå vedlegg. Ver venleg å fylla ut og sende stadfesting til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) snarast.

### Ubrukte midlar

Dersom midlane ikkje blir oppbrukte, finst følgjande alternativ:

- betale heile eller delar av tilskotet tilbake til Fylkesmannens kontonummer **7694 05 01098**, merkt med kapittel 765, post 60 og vårt saksnummer. Fylkesmannen skal informerast om dette på førehand.
- søkje om overføring av ubrukte midlar innan 30. november 2018. Føresetnaden for godkjenning, er at tiltaket blir vidareført. Ubrukte midlar i 2018 blir trekt frå neste års tildeling av tilskot dersom tilskotet kan vidareførast.

### **Rapportering**

Rapporteringa skal vere i samsvar med regelverket for tilskotet.

Kommunen skal rapportere måloppnåing til oss innan 1. april 2019 i rapporteringsskjema som følgjer den årlege kunngjeringsordninga på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no) og [www.helsedirektoratet.no/tilskudd](http://www.helsedirektoratet.no/tilskudd). Sjå kriteria for måloppnåing i regelverket for tilskotsordninga.

Kommunen skal innan 1. april 2019 sende rekneskapsrapport per 31. desember 2018. Rekneskap skal reviderast av registrert revisor, statsautorisert revisor eller oppdragsansvarleg kommunerevisor, jf. § 11 i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar. Rekneskapa skal vere revidert i samsvar med Den norske revisorforenings standard [ISA 805 "Særlige hensyn ved revisjon av enkeltstående rekneskapsoppstillingar og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en rekneskapsoppstilling"](#).

Tilskotsmottakar skal gi revisor ein kopi av dette brevet før revisorkontroll. Krav til stadfesting frå revisor gjeld ikkje for tilskot under kr 200 000.

### **Kontroll og dokumentasjon**

Fylkesmannen har rett til å kontrollere at tilskotet blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i Bevilgningsreglementet. Vi gjer merksam på at Riksrevisjonen har høve til å kontrollere om tilskot blir brukt etter føresetnadane, jamfør lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

Med helsing

Helga Arianson  
fylkeslege

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

1. Stadfesting
2. Regelverket for tilskotsordninga